Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Forsand

Emne: Veving | Bygdelag: Espedal

Oppskr. av: M. G. Mikkelson | Gard: Øvre Espedal

(adresse): Helle i Høgsfjord | G.nr. 48 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Til mannsklær vart det brúka „Vedd-mall" det vart von, anten som „tvi-sjela" eller som „fir-sjela" der både „Vept" og „Varp" var av úll. Namni på mannskledi var: búksa, trøya og vest. Til kvardagsklede var nok fargen helst sauegrå, men til „Kjorkje-klede" var dei farga svarte

2 Til kvinnsklær var det nok og på same måten og namni på dei var stakk og trøya.

3 Til únderklede vart det og nytta veddmall men det var kvitt og úfarga. Dette galt når det var „sjórta" og „ónne-boksa", men til „natta-trøya" brúka dei ei trøya der var spóta „Stava-spóta" som dei sa. På fótene hadde dei „sokka" som var spóta, med stava-spota brot dei kúnde til stas eller i mangel på svart úll ha dei kvite, mens dei elles var grå, eller vera farga blå med „Blåled". Om vinteren eller når det var kaldt, då hadde dei „Telinga" útanpå sokkane. Dette galt for begge kjønn. Telingane var spóta av grå úll

4 Dei hadde nok senger med karmar kring, men at dei hadde noko forheng føre hev

9871

og ikkje høgst vore om.

5 I sengi hadde dei halm, og til breidsle over hadde dei „Båsbeia"" denne var for det meste eit vore gamalt og slite åklede. Så var det „omne-kvedeln". Dette var vovne heilulls teppe. Oppå kvedeln var det åklede. Det var eit tjukt ullteppe og „Ringvove", som kunde vera samansett av fleire fargar.

6 Dukar hev vore bruka lite her, men i den seinste tid vart dei kjøpte. Men det ser ut for at i gamal tid hev dei vore dukar av lin

7 Handkler vov dei av bomullsgarn som dei kjøpte i byen (Stavanger)

8 Desse vart vovne av tjukt ulgarn, og til denne slags veving bruka dei ikkje „Skodel" men „åkle-nål" 

9871

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING